



OPUS Bergen AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/495 - 15/6366

Saksbehandlar:

Kjersti Flatråker

kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:

04.06.2015

Plansak 12602014000500 Kvalheimsneset serviceområde - ny regulering - utsending av vedtak i kommunestyret

Saka vart drøfta i kommunestyremøte 28.04.2015 der følgjande vedtak vart fatta:

«Kommunestyret sender plansaka tilbake til hovudutvalet for vidare handsaming, med dei innspela som kom fram i møtet.»

Kommunestyret ynskjer at området framleis i hovudsak skal vere eit næringsområde for ferie- og turistnæring.

I møte i hovudutval for plan, landbruk og teknisk 06.05.2015 diskuterte utvalet vidare framdrift i plansaka. Utvalet er negative til den planen som er lagt fram, og meiner at planen i for stor grad avviker frå næringsføremålet i kommuneplanen.

Planen må arbeidast om i tråd med politiske signal gjeve både av hovudutvalet og kommunestyret.

Alternativet er at planen på nytt vært formelt lagt fram hovudutvalet for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn, slik den ligg føre, men basert på kommunestyret sine signal vil saka få negativt innstilt frå administrasjonen.

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål eller om det er trong for eit møte i saka.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plansak 12602014000500 Kvalheimsneset serviceområde - detaljregulering - handsaming før 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Plansak 12602014000500 Kvalheim - Kvalheimsneset serviceområde - detaljregulering - 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Mottakarar:

OPUS Bergen AS